

INFORMASJON

# HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE OG NAUSTDAL

NR. 2. JUNI 2020 78. ÅRGANG



***GOD PINSE!***



DEN NORSKE KYRKJA  
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

#### FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde  
Tlf.: 57 82 81 80  
www.sunnfjordkyrkja.no  
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

#### OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 15  
Prost: Reidar Knapstad  
Prostiprest: Runar Matsui-Li  
Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen  
Ungdomsprest: Carsten Langeland  
Diakoniarbeidar: Ingvar Vagstad  
Diakon/frivilligkoordinator:

Inger Cesilie Fitje  
Kyrkjeseekretær: Kari Skullerud Holsen og  
Toril Øye (Førde og Jølster)  
Kyrkjevevjerje: Inger Hageberg Øvrebø  
Assisterande kyrkjevevjerje:  
Trond Herløvsund  
Kantor: Gro Gunnarson og  
Asbjørn Flåm  
Kateket: Heidi V. Styve  
Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og  
Gry Sætre

#### NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Kommunehuset,  
postboks 90, 6806 Naustdal  
Tlf.: 57 82 81 80  
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

#### OPNINGSTID:

Tysdagar kl 9-15.  
Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.  
Sokneprest: Rigmor Frøyen  
Arbeidsleiar: Ellinor Wergeland  
Kyrkjeseekretær: Sigrun Solheim Savland  
Kantor: Erlend Os  
Kyrkjelydspedagog: Jenny Ødven Snildal

#### FØRDE KYRKJE

Kyrkjetenar/Kyrkjegardsarbeidar:  
Terje Sæle

#### HOLSEN KYRKJE

Klokkar: Tor Arild Nydal Holsen  
Reinhald: Jorunn Holsen

#### HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Bodil Øvsthus Frøysland

#### NAUSTDAL KYRKJE

Klokkar: Jenny Ødven Snildal  
Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:  
Leonard Subrescu

#### VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar: Leonard  
Subrescu (Førde og Naustdal) og Mette-  
Elin Standal Sæther

– Kyrkjevevjerja –

## Nytt frå redaksjonen

### Helg og Heim har fått ny utforming!

Frå og med dette nummeret har Geir Skagen i Firda Tidend ansvar for utforminga, og Husabø Prenteverk trykker bladet. Vi nyttar no same grafiske tenester og trykkeri som kyrkjebladet i Jølster. Dette trur vi blir bra! Takk til Natvik trykkeri i Florø for jobben dei har gjort!

I forrige nummer skreiv sokneprest Ingvald: «Kva vil vi nytte fastetida til? Den handlar ikkje om slanking, men om å kutte ut noko for å få tid og rom til noko anna.» No har koronatida gitt oss ei felles erfaring i å kutte ut og få tid. Kan vi lære noko av den erfaringa?

Som elles i samfunnet måtte dei tilsette i kyrkja endre planar og finne nye løysingar. I bladet kan du lese om korleis våre lokale kyrkjer takla omstillinga. Gudstenester og ulike tiltak vart avlyst, men kreative løysin-

gar dukka opp. Mange har sakna fellesskap, ikkje minst dei diakonale fellesskapa. Sjølv om dei vart avlyst, har den diakonale tankegangen vore viktig: Omsyn til, og omsorg for dei mest utsette var mykje av grunnen til å innstille aktiviteten i samfunnet.

Prosten i Sunnfjord, Reidar Knapstad, går av med pensjon i sommar. Han kan ikkje få den avskjeden han skulle hatt no, med truleg blir det høve til ei god markering seinare. Men du får møte han i intervjuet inne i bladet. Når dette skrivast, er det ikkje klart kven etterfyljaren blir.

Forrige nummer gjekk i trykken rett før koronautbrotet, og gudstenestelister og annonseringar vart brått uaktuelle. Når dette bladet går i trykken, er kyrkjene i gang med å opne opp, men framleis er ikkje alt klart. Følg med i Firda og på den nye heimesida [www.sunnfjordkyrkja.no](http://www.sunnfjordkyrkja.no).

*God sommar!*

## HELG OG HEIM

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen. Stoff og bilete kan sendast til:

- [hanne.schnitler@enivest.net](mailto:hanne.schnitler@enivest.net)
- [jenny.snildal@gmail.com](mailto:jenny.snildal@gmail.com)
- [ingvar.vagstad@sunnfjordkyrkja.no](mailto:ingvar.vagstad@sunnfjordkyrkja.no)

#### Adresse:

Helg og Heim,  
Kyrkjevegen 23 F, 6809 Førde

#### Redaksjon:

Jenny Snildal, Ingvar Vagstad og Hanne Schnitler

**Grafisk utforming:** Firda Tidend, Sandane

**Trykk:** Husabø Prenteverk, Leikanger

Vi treng ditt bidrag for å halde Helg og Heim gåande!

**Frivillig bladkontingent**  
**kr. 275,-**

**Bankkonto:** 3705.15.33896  
(nytt frå 1. jan. 2020).

Merk alltid innbetaling med Helg og Heim.

#### VIPPS

Vippsnr.: **591 431**

Helg og Heim kyrkjelydsblad

### Utgivingsplan for 2020

Nr. 3. 2020

Stofffrist:

Onsdag 26. august

I posten veke 39.

Nr. 4. 2020

Stofffrist:

Onsdag 28. oktober

I posten veke 49

Det kan komme

endringar.



**Framsidedfoto:** Leonard Subrescu

## ANDAKT

Ved RIGMOR FRØYEN, sokneprest i Naustdal



# Gje meg handa di ven?

«Gje meg handa di ven, når det kveldar...» Denne songen, med tekst av Sondre Bratland, er mange glad i, og har sterke kjensler for. Den vert ofte brukt som song ved gravferd. Ein vakker tekst som skildrar kor viktig det er å ha ei hand å halde i, særleg når det er tunge tider.

I samband med sorg og gravferd, er handtrykket ein naturleg og viktig del av vår måte å uttrykkje oss på. Ofte følgjer det også ein god klem med. Vi har hatt mange ulike restriksjonar å følgje sidan 12. mars. Mellom anna å ikkje handhelse, eller ha nærkontakt med andre enn dei vi er saman med til vanleg. Korleis skal vi då uttrykkje vår medkjensle med dei sørgjande? Handtrykk og «kondolerer» er sjølvsgt i gravferd. Den seinare tida har alle gravferder/bisetjingar vore opne for ei avgrensa gruppe. Du kan sjå det tydeleg i dødsannonser. «Kun for dei næraste». Familiar får ikkje dele sorga med vener og andre som ynskjer å ta del.

**Korleis gje ei hand på andre måtar?**  
Korleis syne medkjensle og omsorg?

Eg har forretta i mange gravferder, og har sett kor viktig denne handlinga er. Gode rammer med musikk, salmar, og ord til trøyst. I april vart eg og familien ein del av gruppa vi kallar for «pårørande». Der eg – og vi – sat i Fagerborg kyrkje i Oslo, 22. april, for å ta avskjed med ei kjær svigerinne/søster/tante, kjende eg korleis tonar og song la seg seg som trøystande hender rundt meg. Ord nådde til hjartet. 32 personar var samla i den store kyrkja. Men vi visste at langt fleire var saman med oss, i tankane, i bønner, gjennom blomar og helsingar som var sendt til oss.

Hender kan rekkjast ut på mange måtar. Varme kan uttrykkjast gjennom ein telefon, eit brev, ein blome.

**Jesus brukte hendene sine** i møte med folk. Han tok barna inntil seg for å velsigne, han rørte ved mange som andre ikkje våga å røre. Han delte ut brød og fisk til venene sine etter oppstoda, og han løfta hendene og velsigna dei, før han igjen reiste frå dei.

Det er utfordrande å sjå på Jesus og tenkje på at VI er Jesu kropp, vi er Jesu hender og føter, øyre og munn.

**Så, gje meg handa di ven!** Gje handa di – på dei mange måtane du blir minna om at det kan gjerast i desse tider. Heldigvis er det ei Større hand som held!

Salme 31,16a:

«Mine tider er i di hand.»

*Mine tider*

*I di hand*

*I di trygge hand*

*I di sterke hand*

*I di sårmerkte hand*

*I di trøystande hand*

*I di hand som held*

*all tid*

*er mi tid*

*mitt liv*

*alt*



# Kva gjer presten no når kyrkja er stengd?

*Helg og Heim spør Ingvald Andersen Frøyen, sokneprest i Førde, Holsen og Haukedalen, og han svarer på epost:*

– Vi møter framleis menneske i sorg og glede. Dei kjem i mindre grupper enn før, men vi samlast i kyrkja og vi kjem med liva våre fram for Gud.

Det er ei ny erfaring å berre vere 25 menneske ved livets krossveggar, og det krev noko nytt av oss. Det er ikkje lett å ha sørgjesamtale over telefon, verken for dei sørgjande eller presten. Sjølv om vi ytre sett gjer mindre enn vanleg, så kan vi likevel kjenne oss meir slitne enn elles, fordi vi kjenner på maktesløysa og skuffelsen hos mange av dei vi møter. Men så får vi også erfare glede og takksemd. Familiar takker oss fordi dei fekk feire konfirmasjon med sin konfirmant åleine, eller fordi dåpsgudstenesta vart så personleg.

– Eg saknar veldig å feire gudsteneste i kyrkja, og eg saknar songen og fellesskapet! Men vi kan framleis be for kvarandre, for leiarane i landet vårt og for verdssamfunnet. Og vi kan ta del i dei lokale tiltaka for å hjelpe folk i lokalsamfunnet. Vi kan fylgje med på gudstenester og kveldsbøn på TV og radio, og vi kan lese i vår eigen Bibel. Du kan ta ein tur til di lokale kyrkje, setje deg på trappa og kjenne at; «her høyrer eg til» og be ei stille bøn.



*Prest utan tilbøyrarar. Bildet frå Førde kyrkjelyd sin tur til Teigen leirstad i 2019, frå øving for gudstenesta. Foto: Helge Naustdal*

– Kyrkjeklokkene ringer ikkje til samling i kyrkja like ofte, men det betyr ikkje at kyrkja er borte. Medan vi ventar på at kyrkjene skal opna att, kan vi styrke medvitet om at det er VI som er kyrkja, og at kyrkja er meir enn bygningane og aktivitetane.

Salmediktaren Matias Orheim sa det slik i 1920, om det å vere kvardagskristen;

*– Kvardagskristen, døypt til yrke,  
fodd til kjærleik, skapt av Gud,  
vigslar heim og ball til kyrkje,  
kjøkenkrå og handelsbu.*

*(Salmeboka 667)*

Håjen tilbyr levering av mat til selskap, samt selskapslokale med servering, på Slettehaug i Naustdal.

Sjå vår heimeside:  
[www.haajen.no](http://www.haajen.no)

**Tlf. 57 81 82 60**



Følg oss på Facebook:  
Håjen Kafé



**RIKKE**

Langebruv. 26 (v/Domus)  
Førde  
Tlf. 472 56 398  
eller 578 21 340

KUNSTNARMATERIELL  
INNRAMMING  
TRYKK

*Reiakvam*

- Din fotograf i Førde sidan 1946  
57 82 19 77 / [foto@reiakvam.no](mailto:foto@reiakvam.no)  
[reiakvam.no](http://reiakvam.no)

Her kan du annonsere  
i Helg og Heim!

Kontakt 47170011  
[arne.kleiva@gmail.com](mailto:arne.kleiva@gmail.com)



– **EG HAR BLITT SNIKKAR!** - ler Ingvar Vagstad i telefonen når Helg og Heim spør om kva han driv med om dagane. Ingvar er til dagleg fullt opptatt med diakonalt arbeid. No er ti-kaffien, onsdagsturur, andaktar på Helsetunet og mykje anna lagt på is.

– Eg hjelper Kjell Ivar (organisten i Gaular) med å fikse opp prestesakriet, og det blir så bra! Ingvar trivst tydelegvis med hammar og spikar. Men diakonalt arbeid har det òg blitt;

– Forrige onsdag satt eg tre timar på Skywalken i Førde for å prate med folk. Kyrkja i Byen, der tilsette og frivillige på skift er tilgjengelege for ein prat, tek ikkje koronafri.



Organist Kjell Ivar Aase t.v. og Ingvar Vagstad tar snekkerpause.  
Foto: Inger Hageberg Øvrebo

## Konfirmantane imponerte

Heidi Voltersvik Styve er ansvarleg for trusopplæringa i Førde kyrkje. Ho har hatt heimkontor, og heimeskule, i lengre tid.

– Alle planlagte trusopplæringstiltak er satt på vent, seier ho. – Konfirmantåret var det ikkje så mykje igjen av då alt

stengte, så då ga eg dei ikkje så mykje opplegg. Dei har nok hatt meir enn nok med skulearbeid på nett.

– Men du må skrive om fasteaksjonen! Heidi fortel at konfirmantane skulle vere bøsseberarar i fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp. I all hast måtte

dei gjere innsamlinga digital. Konfirmantane fekk ulike oppgåver, og dei har vore veldig kreative for å samle inn pengar: Dei har bakt, trent, gjort husarbeid og mykje anna. Saman med Facebookinnsamlinga har dei samla inn over 90.000; det er verkeleg imponerende!

## – Korleis går det på kyrkjelydshuset i Naustdal?

*Kaféen på kyrkjelydshuset i Naustdal er ein viktig plass for mange. Jenny Ø. Snildal har sendt denne teksten:*

På kyrkjelydshuset er det mørkt og stille. Til vanleg er kaféen open fleire dagar for veka. Lag og organisasjonar har sine aktiviteter, og huset vert leigt ut til dåp, konfirmasjon, minnesamvære og åremålsdagar.

At kafeen har vore stengt opplevast tungt for mange. Kaféen er ikkje berre ein stad for ein kopp kaffi og ein matbit. Der kan ein treffe kjentfolk og slå av ein prat. Mange frivillige har sine faste oppgåver og kjenner at det er meningsfullt å få lov å gjere ein jobb for kyrkjelydshuset.



**Martha Søbak, kafégjest og frivillig arbeidar.**

– Det er eit veldig sakk å ikkje kunne gå på kyrkjelydshuset, seier Martha.

– Både det å jobbe i kafeen og å gå der for å treffe andre. Det blei lange dagar med mykje tid framfor fjernsynet.

Når all aktivitet er stansa, er det òg alvorleg for økonomien



**Einar Skudal, kafégjest.**

– Eg er her oftast dei dagane det vert servert middag. Eg tykkjer det et triveleg å prate med alle som jobbar dugnad her. Det er å møte dei frivillige og har sakna mest. Tekst og foto: Jenny Ø. Snildal

til huset, utan drift = utan inntekter.



**PÅSKE VART IKKJE AVLYST!**  
Både i Naustdal og Førde var det laga til påskevandring utanfor kyrkjene med blomkors og kunstplakatlar med bibeltekstar.



Foto: Hamme Schnitler  
Foto: Ingvar Vagstad

# Heimekontor og digitale møte

*Helg og Heim har spurt kyrkjeverja i Sunnfjord, Inger Hageberg Øvrebø, om kva dei tilsette har brukt tida til:*

– Når vi vart oppmoda til minst mogleg fysisk kontakt, vart vi tvinga til å tenkje digitale møteplassar. Vi fekk etablert møteplass i TEAMS for staben ved kontoret i Førde.

Det var bratt læring for mange, men vi er så fornøgd med å ha fått dette til å fungere. Fellesrådet har òg gjennomført møte på TEAMS.

For dei tilsette har arbeidsdagen blitt vesentleg endra. Vi har brukt tida til å rydde, planlegge, evaluere og sørge for fagleg oppdatering. Vi har gjennomført alternative markeringar i påskehelga – påskevandring og blomsterkross, og det blir laga videosendingar på Facebook. Og vi nyttar telefonen for å kontakte folk som vi trur treng nokon å prate med.

– Vi har avklara med dei tillitsvalde at dei tilsette kan setjast til oppgåver som ikkje ligg til stillingen deira. Difor kunne vi gå i gang med opp-pussing i Førde kyrkje. Organisten i Gaular, Kjell Ivar Aase, er ein dyktig hobby-snekker. Han har fått i oppgåve å pusse opp prestesakristiet og lage nye garderobeskap for å ta vare på messehaket og andre tekstilar.

Elles er det mykje å gjere på gravplassane no. Rydde kvist, rake lauv, plante og ordne



*Organist Kjell Ivar Aase med nye oppgåver..Foto: Inger Hageberg Øvrebø*

dei gravene vi har stellavtale på. Vi tenkjer å «rydde» og oppdatere gravregisteret for Førde. Eindel graver manglar vi festarar (kontaktpersonar) på. Vi vil setje «merkelappar» på desse gravene, og håpar at dei som kjenner «eigarskap» vil kontakte kyrkjekontoret for å få avklara festeansvaret for grava.

Mange føter opp og ned midtgangen, har ført til stor slitasje på teppene i kyrkjene

i Naustdal og Førde. Sigrun Solheim Savland er i gang med å reparere tepper, eit nødvendig arbeid som høvde godt å gjere i ein periode med lite «trafikk» i kyrkjene.

– Vi håpar at vi snart kan kome tilbake til normalen og starte oppatt med aktivitet for store og små i kyrkjelydane våre!

# arki

ARKI arkitektur AS

Angedalsvegen 4  
6800 Førde

Nettside: arki.no



# EXTRA

NAUSTDAL



# Best

NAUSTDAL



## Velkomen til oss!

Elvevegen 1, Førde  
(ved Kunstmuseet)

Måndag .....11-17

Tys., ons., fre., laurdag ...11-15

Torsdag ..... 11-18

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPlass MISJON



# Kyrkjekaffi = kaffi i kyrkja!

I skrivande stund er samfunnet stengt ned; vi får ikkje møtast slik vi brukar å gjere. Koronaviruset har gjort det nødvendig med inn-gripande tiltak, og vi blir oppmo-da om å halde avstand.

Tekst: Diakon INGER CESILIE FITJE

Eg veit ikkje korleis situasjonen er når du les dette, men eg håpar at vi då igjen har fått høve til å samlast.

Dette håpet har Hans Olav Mørk sett ord på:

*Vi skal møtes  
når dette er over,  
ved et bord i en  
smekkefull kafé,  
i en kirke,  
i midtgangens vrimmel  
mot Guds alter  
og det som skal skje.  
Vi skal feire  
og synge og le.*

Vi skal møtast når dette er over, ved eit bord i ein smekkefull kafe – i ei kyrkje, i midtgangens vrimmel. Med andre ord; vi skal møtast til gudsteneste og kyrkjekaffi!

Sidan hausten 2019 har vi hatt kyrkje-kaffi etter nesten kvar gudsteneste i Førde. Konfirmantar og konfirmantforeldre har stilt opp og teke ansvar – stor takk til dei!!

Vi opplever at dette tiltaket, som var nytt for konfirmantåret 2019/20, har vore svært vellukka og at det er blitt teke godt imot. Dette er såleis eit tiltak som vi vil halde fram med også neste konfirmantår. I tillegg har Førde sokneråd oppretta ei eiga arbeids-



– Kva vil vi med kyrkjekaffien, spør diakon Inger Cesilie Fitje



gruppe som vil ta ansvar for kyrkjekaffi i den perioden av året der konfirmantane ikkje har ansvar.

Så kan vi spørje; kva vil vi med kyrkjekaffien? Kvifor tenkjer vi at det er viktig med kaffi i kyrkja? Fordi vi trur at det er viktig å vere med og legge til rette for fellesskap. Vi er menneske med mange ulike behov. Ved å samlast til gudsteneste tek vi i vare åndelege behov, og ved å samlast til kyrkjekaffi tek vi på alvor at vi også har behov for fellesskap og det å vere sosiale.

I diakonien er vi opptekne av fellesskap, og vi er opptekne av at fellesskapa i kyrkjelyden skal vere opne og inkluderande – at det er rom for alle, at alle blir sett og at alle blir rekna med.

Fine ord, men spørsmålet er:

*Får vi det til?*

Er kyrkjekaffien vår eit inkluderande fellesskap?

Marianne Magnussen er diakon i Årstad og Fridalen kyrkjelydar i Bergen, og har for-ska på fenomenet kyrkjekaffi. Ugangspunktet for dette var mellom anna egne erfaringar av at det ikkje er automatikk i folk tek kontakt med nye, sjølv om kyrkjelyden er full av hyggelege menneske. Slik kan det å besøke ein ny kyrkjelyd opplevast einsamt.

Marinne laga ei spørjeundersøking, og undersøkinga synte at dei fleste kyrkjegjen-garane synest det var svært viktig at kyrkje-lyden prioriterte nye, men at det ikkje var like viktig at dei sjølv gjorde det same. Fleirtalet fråskreiv seg såleis ansvaret for å vere vertskap.

På bakgrunn av dette har Marianne utarbeidd eit kyrkjekaffi-kurs. Fokus i kurset er på vertskapsrolla, og Marianne sin bodskap er at vi har eit felles inkluderingsansvar - at vi alle må vere merksame på at nye ønskjer kontakt.

Bibelen inneheld mange oppmodingar om å vere gjestfrie, og Jesus sa; «Eg var framand og de tok i mot meg». I det å vere gjestfrie ligg det også ein rikdom, det handlar om å opne opp for Gud si velsigning. Gjestfridom er såleis ikkje berre ei plikt, men opnar for møte med noko nytt - rikdommen ved det å ta imot eit nytt menneske.

Vi skal møtast når dette er over, ved eit bord i ein smekkefull kafe - i ei kyrkje, i midt-gangens vrimmel. Då blir det fint å treffe igjen alle som vi ikkje har sett på lenge. Det treng vi og det blir godt. Men lat oss også ha blikket opent for nye – lat oss vere gjestfrie!

**BELLIS**  
BLOMSTER

ALTI Førde | 57820722 | [www.bellisblomst.no](http://www.bellisblomst.no)

Gode tilbud på flis, belegg.stein,  
ferdigplen, støttemur, kvit singel.  
Vi kan flislegging!

**Boligkompaniet**

[www.brufiis.no](http://www.brufiis.no) tlf. 90 61 96 54



**Olefine**  
Conditorei

Alltid ferske kaker, brød, bollar m.m.  
Tlf. 57 72 41 40 - 6800 Førde

# – Det var overveldande å kome



Reidar Knapstad og Jorun Gjengedal Knapstad i bagen på prestegarden. Foto: Reidar Eide

Mangeårig rektor på Sunnfjord folkehøgskule, Jorun Gjengedal Knapstad og prost i Sunnfjord, Reidar Knapstad pensjonerer seg i desse dagar etter lang tids teneste innan skule og kyrkje.

Tekst: REIDAR EIDE

I 2006 kom Jorun Gjengedal Knapstad og Reidar Knapstad med flyttelasset sitt til Førde. Etter to år med omfattande vedlikehald, flytta dei inn i prestegarden i Førde. Med om lag 14 år i Førde og Sunnfjord, og totalt 42 år som «preste- og prostefolk», vil dei no ha litt meir tid til barn og barnebarn, lesing og praktisk arbeid med blomebed og vedlikehald.

– Ja, det var faktisk overveldande å kome tilbake til røtene på ein måte, - Sunnfjord-dialektane, kulturen, folk vi kjende frå før, det å få reise rundt og vere på lag med kyrkjelydane her. Det har vore ei rik tid for oss her i Sunnfjord. Det er jo også denne plassen vi har vore lengst. Etter at eg vart

ordinert i Eikefjord kyrkje 9. juli 1978, reiste vi med folkevogna og vesle Hildegunn på eit halvt år nordover til Tromsø. Her var vi med å bygge kyrkjelyd, deltok i søndagsskule og speidararbeid, og likte oss kort sagt veldig godt både blant folket der og i den storslagne naturen som var ganske annleis enn her i fylket. Ei rik tid på alle måtar!

## Nord-Noreg

Etter sju år i Tromsø og nokre år på Sandane og Nordfjordeid, der Jorun vaks opp,

barst det tilbake til nordlegare strok, til Mo i Rana og Indre Helgeland prosti der dei var i 11 år. Det har laga seg med stillingar for begge. Jorunn, lektor og rektor med Nordisk språk og litteratur og spesialpedagogikk som fag og Reidar som prest og 25 år som prost.

Det er lett å merke at tida i nord har sett djupe og gode merke. Auga lyser når dei fortel om den tette kontakten med folket i kvardag og fest, i sorg og glede, og med den spesielle naturen der oppe.



Bustadbuset til Jorun og Reidar på Grønenga. Privat foto



# tilbake til Sunnfjord!

No blir eg 70 år, seier Reidar, men eg ser slett ikkje bort frå at vi tek ein vinter i presteteneste der nord om det lagar seg slik. Vi kjenner nok begge på ei draging etter å oppleve Nord-Noreg igjen!

## Ville valt presteyrket igjen!

– Reidar, etter 42 år som prest og prost, -vart det slik du tenkte deg då de sat i folkevogna på veg nordover i 1978?

– Eg har vel heilt frå ungdommen av hatt ein trong til å formidle budskapet om tru og håp. Eg har det med meg heimanfrå som liten, og litt seinare betydde leirane på Nesholmen i Hyen svært mykje for meg. Då eg var i militæret var nok kontakten med feltpresten avgjerande for at eg valde å utdanne meg til prest. Så når du spør om dette, vil eg seie at eg no som snart 70-åring, om eg fekk velje på nytt, ville ha valt presteyrket igjen! Yrket har vore variert med både forkynning, undervisning og nærkontakt med den einskilde i glede og sorg. Eg har mellom anna hatt mellom 250 og 300 gravferder her i Sunnfjord. Då kjem ein tett på. Det kjennest gjevande og meningsfylt å vere nær slike stunder.

Vi har flytta nokre gonger, og vi er glade for dei skifta vi har gjort. Tilhøva er ulike rundt om i landet og det er god læring i å finne ut av det på nytt.

## Ei velsigning å vere med på laget

– Eg har hatt fantastiske kollegaer her i Sunnfjord. Eg meiner vi har utfylt kvarandre godt. Det har vore ei enkel og kjekk oppgåve å vere sjef for prestane i Sunnfjord prosti, og å ha nær kontakt med alle dei 17 sokneråda i distriktet. Det å vere prost er jo ei leiarstilling som også inneber tilrettelegging og oppfølging. Denne delen av yrket mitt har eg også likt. Eg vil rose alle for det gode samarbeidet eg føler vi har hatt. Det har rett og slett vore ei velsigning å få vere med i arbeidslaget her i Førde og Sunnfjord!

## Vedhogst og hage, safting og sylting

– Det naturlege spørsmålet blir sjølvsagt då: Kva no?



Jorun og Reidar saman med seks av dei sju barnebarna sine. Framme frå venstre: Magnus, Lovise, Henrik og Gustav. Bak: Margrethe og Edvard. Den siste og sjuande heiter Edvin. Privat foto

– Vi er veldig glade i å arbeide praktisk med blomar og hage, jord og stein. Kanskje blir det betre tid til slikt no framover, smiler Jorun.

– Eg seier kvar eg vil han skal lage blombed, og han grev, smiler Jorun.

– Eg er heldig slik! Elles har vi jo begge vore lenge i leiarstillingar som krev sitt både på dag og nattestid. Eg håpar og trur vi også no får bruke meir tid saman med familie og vener, mellom anna ute på idylliske Grønenga ut mot Florø der vi har kjøpt oss ein «fristad» med hus og naust. Der slappar vi veldig godt av med lesing, kroppsarbeid og fiske. Reidar er oppvaksen på gard, han har alltid likt å jobbe med naturlege materialar, -vedhogst og vedlikehald. Elles er vi begge glade i tradisjonsmat og å skaffe det som trengst av berekraftige, lokale råvarer som bær, frukt, fisk, kjøt og grønnsaker. Vi saftar og syltar som i gamle dagar, smiler Jorun.

– Vi går tur saman, og set for eksempel stor pris på å ete ein frukost oppe i det flott tilrettelagde området rundt Bekkjavatnet.

## Grønenga

– Grønenga er også ein stad der familien vår møtest. Med fem barn, svigerbarn og etter kvart sju barnebarn, er det godt å ha god plass. I fjor laga vi til «barnebarnleir» der for dei fem eldste barnebarna våre, og der har vi også hatt med oss elevar frå mange land,

til dømes frå Sri Lanka der vi på Sunnfjord folkehøgskule i fleire år har hatt eit nært samarbeid med Kamam Folk High School. Fleire av dei gamle elevane har vi god kontakt med enno.

– Eg er veldig glad i nærkontakten med ungdom, seier Jorun.

– Det er utruleg mange som har noko dei ber på. Det gjeld å ha respekt og lytte, gje dei tru på at dei vil lukkast i livet, – eg er veldig audmjuk overfor det dei unge fortel. Det har gitt meg veldig mykje!

– Vi har nok gjennom yrkeslivet vårt og elles lært oss å leve med ting som er uavklart, å finne løysingar saman med andre, finne roa. Viss ikkje kunne vi ikkje hatt slike jobbar, seier Reidar.

## Å feire gudstenesta

– Det aller kjekkaste har vore å feire gudstenesta, i høgtidene og til kvardags. Det å vere lyttande medmenneske og forkynne til håp og tru har vore sentralt for oss begge gjennom alle desse åra.

– Vi ønskjer framleis å vere med på arbeidslaget, til dømes i soknerådet der Jorun no er med, og kanskje blir det nokre oppdrag på meg som prest framleis. Inntil vidare leiger vi prestebustaden der vi bur no og likar oss svært godt.

# Ida og Magnus ville gjennomføre dåpen!

Dei siste månadene er det ikkje berre gudstenestene som har vorte avlyste, men mange har også valgt å utsetje dåp, noko som er forståeleg, med så mange restriksjonar. Nokre familiar har likevel valgt å la barnet bli døypt.

Tekst og foto: RIGMOR FRØYEN, sokneprest i Naustdal

Eira vart døypt på 1.påskedag. Som prest kjende eg meg svært heldig som både fekk døype Eira og feire påskedag i kyrkja. Det vart høgtideleg og fint!

Vi var nysgjerrige på korleis det var for familien å gjennomføre dåp i ei så spesiell tid. Vi spurde Ida Elin Hallem, mor til Eira, om ho kunne seie litt om det:

– De valgte å gjennomføre dåpen. Kan de seie litt om kvifor de ynskete gjere det?

– Vi var veldig usikre på om vi skulle gjennomføre dåpen eller ikkje i påska. Vi hadde vel eigentleg tenkt å utsette den. Helst ville vi ha feira dåpen med alle dei nærmaste tilstades. Samtidig var vi usikre på korleis situasjonen med coronaviruset ville utvikle seg. Det kunne jo tenkast at det vart verre utover sommaren, og at det ville ta lang tid før dåpen let seg gjennomføre. Påska er ei fin høgtid, og vi tenkte det var kjekt å ha noko å glede seg over i desse tidder. Så tar vi feiringa med familien igjen så snart det lar seg gjere.



Dåpsbarnet Eira Hallem Liene, storebror Rein Even Hallem Liene (3,5 år), mamma Ida Elin Hallem og pappa Magnus Liene.

– Korleis opplevde de dåpsdagen?

– Vi syntest det blei ein veldig fin og personleg dåp og vi er glade for at vi gjennomførte den som vi gjorde.

– Var det mange som ikkje kunne vere med grunna korona -restriksjonar?

– Ja, dei fleste av våre nærmaste let vere å kome. Familien vår er spreidd rundt om

og dei torde ikkje ta sjansen på å samlast. Det var sjølv sagt veldig kjedelig, men slik måtte det bli akkurat no. Så skal vi samlast seinare og feire veslegullet vårt.

– Takk for praten, Ida, - så håpar vi de får ei flott feiring av Eira-gullet når det er opna opp for å samle heile familien!

**NMS GJENBRUK I FØRDE** var stengt i fleire veker. No har dei opna, med gode koronatiltak og kortare opningstid. Kundane må rekne med at dei må vente på tur, og kaffikroken vil stå tom ei tid framover. Leiar Hjördis Birke-land seier at dei fleste frivillige

ville tilbake, sjølv om dei er pensjonistar, og såleis i risikograppa. Butikken fungerer som ein sosial møteplass både for medhjelparane og kundene, og mange er glade for at den har opna igjen.

## Spesialist på gamle klokker, veggur, lommeur og armbandsur

Har klokka di høg personleg verdi - er den kanskje eit uerstattelig arvestykke? Treng den ettersyn - reparasjon eller restaurering?

Urmakarverkstad i Førde med ekspertise og lang erfaring på reparasjonar av alle typar ur. Henting og levering etter avtale om ønskjeleg. Gratis, fast prisoverslag. 6 års garanti på overhaling av veggur.



**Roger Pettersen A/S**

OFFENTLEG GODKJEND URMAKAR  
6810 Førde - tlf. 907 32 380



# Trusopplæringa i kyrkjelydane

## Vakuumveka 11.–14. august

Vakuum-veka er ei aktivitetsveke for barn som går i 1.–4.klasse. Påmeldingsfrist er 20. juni, og du kan melde deg på her: <https://kyrkja.no/forde>

Det blir ei annleis Vakuum-veke i år. Vi må ta omsyn til reglane for smitte som myndighetene bestemmer og reglane som bispedømme set. Vi håpar å få til Vakuum-veke for maks 30 stykker. Det vert nok med færre ungdomsleiarar og fleire vaksne leiarar. Vi tenker å dele opp i to grupper som har kvart sitt program. Noko vil gruppene ha saman. Dei får faste vaksne og avgrensede område å bevege seg på, og gode hygiene-tiltak. Ellers vert det aktivitetar som før; forming, turar, bibeltimar, song og mykje leik.

## Førsteklasses 20. september



Vi planlegger også Førsteklasses søndag 20. september på ettermiddagen saman med Søndag for alle. Her får alle medlemmer som fyller 6-år i år invitasjon. Vi satsar på ei familiesamling denne ettermiddagen, med fokus på skulestart og Guds velsigning over den.

## Korskulen i Førde kyrkje

Korskulen i Førde kyrkje har i dag desse kortilboda, som er både for jenter og gutar:

- Knøttekor (ca. 3,5 år til ca. 5 år,
- Aspirantkor (ca. 5.5 år – 2. klasse)
- Jentekor (3. klasse og oppover)
- Ungdomskor (frå 7. klasse og oppover)

Kora syng på gudstenester, Førde omsorgs-senter, Minikonsert og Haustkonsert.

I tillegg har ein eigen Minikonsert og Vårkonsert i Førde kyrkje.

Dersom Coronasituasjonen tillet det, startar Korskulen opp att til hausten!

Har du lyst å bli med? Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson: [gro.gunnarson@sunnfjordkyrkja.no](mailto:gro.gunnarson@sunnfjordkyrkja.no), eller sjekk Facebooksida «Korskulen i Førde kyrkje»

Kontingent per semester er: Kr. 150,- i Knøttekoret og kr. 200,- i Aspirant og Jentekoret. Øvingsdag er tirsdag, og kora øver i Førde kyrkje. Korskulen er medlem i «Ung kirkesang».

Nærare info om oppstartsdato blir lagt ut på heimesida til Førde kyrkje og på Facebook.

VELKOMMEN!

## Ope hus

For barna over 10 år så planlegger vi Ope hus. Det er ei uformell samling ein fredagskveld i månaden. Det vert sendt ut innbyding til 10-åringane, men er tenkt å vere for alle barn mellom 10-13 år.

## Naustdal

I Naustdal er alle trusopplæringstiltak avlyst, og det er ikkje avklart når dei startar opp.

## Spiren

Vi startar opp med Spiren i september, som er for barn mellom frå 0-1 år torsdagar kl 11:15 på Førde Kyrkjetun.

Nytt for i år er Krølle-samling. Det er tenkt for barn mellom 1-3 år. Vi tenker ei samling ein ettermiddag i månaden. Dato vil vi kome tilbake til.

## Tårnagentsamling i Haukedalen

Samlinga som skulle for born i Holsen og Haukedalen i april, blir 17. oktober.

## Søndagsskule på nett

Saknar du søndagsskulen? Jonas og Julie er Søndagsskolen Norge sine handdokker, og er nok godt kjent blant mange søndagsskuleborn. No kan du følgje dei på Søndagsskolen sin eigen youtubekanal. Dei har til og med fått kvar sin eigen e-postadresse, og dei tar gjerne imot e-post: [jonas@sondagsskolen.no](mailto:jonas@sondagsskolen.no), og [julie@sondagsskolen.no](mailto:julie@sondagsskolen.no). Dei blir kjempeglad om dei får teikningar og vitsar! Du finn dei her:

<https://www.youtube.com/user/SOENDAGSKOLEN>

Til hausten startar Solvang søndagsskule oppatt i gymsalen på Sunnfjord Folkehøgskule.



## Bilførar 65+



Statens vegvesen

### Velkomen til oppfriskingskurs for eldre bilførarar

Kor mykje betyr bilen for deg, når du skal dit du vil – når du vil? Kanskje betyr bilen meir for deg no enn før!

#### Alltid tilgjengelege kurs i Sunnfjord.

Påmelding [www.vegvesen.no/65pluss](http://www.vegvesen.no/65pluss) eller tlf. 815 35 080 dersom du ikkje har e-postadresse.



Førde kyrkjetun har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barsedåp og bryllaup
- Barneselskap og åremålsdagar
- Minnesamvær
- Arsmøte, kurs/konferanser osv

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:

Tlf. 99 15 13 07 eller [fordekyrkjetun@gmail.com](mailto:fordekyrkjetun@gmail.com)



## AKTUELT I KYRKJELYDANE

Mange tiltak er usikre framover grunna koronasituasjonen. Følg med på heimesida [www.sunnfjordkyrkja.no](http://www.sunnfjordkyrkja.no) og i Firda, eller kontakt kyrkjakontora.

### Kyrkja i byen



Kvar onsdag frå kl. 14.00 – 16.00 sit ein person på Skywalken mellom handelsbusa i Førde, klar til ein prat. Vi sjåast!

### Semesterstart Førde kyrkjekor

Førde kyrkjekor startar haustsemesteret onsdag 19. august kl. 19.00. Koret tek inn nye medlemmer!

Onsdagane 19. august og 26. august inviterer ein

til «Open øving». Kom gjerne innom ein av desse onsdagane og sjå og høyr om Førde kyrkjekor kan vere koret du har lyst å begynne i!

### Opa kyrkje i Førde

Velkommen til opa kyrkje i Førde! Kvar onsdag er det rom for lystenning, stille og bøn frå kl. 11–13, og frå 20–21. Så langt gjeldt dette ut juni månad.

### Nye datoar for konfirmasjon

Her er nye datoar for konfirmasjon, med atterhald om endringar:

#### Førde kyrkje

Søndag 6. september kl. 10:00 – 9A Fusk  
Søndag 6. september kl. 12:00 – 9B Fusk  
Laurdag 12. september kl. 10:00 – 9C Fusk  
Laurdag 12. september kl. 12:00 – 9D Fusk  
Søndag 13. september kl. 11:00 – 9A Husk  
Laurdag 26. september kl. 10:00 – 9B Husk  
Laurdag 26. september kl. 12:00 – 9C Husk

#### Holsen kyrkje

Søndag 13. september kl. 11:00

#### Vevring kyrkje

Laurdag 12. september kl. 11:00  
Konfirmasjon og presentasjon av nye konfirmantar.

#### Naustdal kyrkje

Laurdag 19. september kl. 11:00 for A klassen  
Søndag 20. september kl. 11:00 for B klassen

Har du spørsmål, er det berre å ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson. gro.gunnarson@sunnfjordkyrkja.no.

VELKOMMEN!

### Gravminne finner du hos oss



**FAGMILJØ**  
Firdavegen 20, 6800 Førde tlf. 57721060

**HELLENES**  
AUTOMATION - ELECTRICAL - MECHANICAL









# BARNAS SIDE

## Finn 5 feil

Etter at Jesus døydde, gøymde læresveinane seg. Dei var redde og lei seg. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?

Teikning: Claudia Chiaravalotti



## Finn namn på 10 insekt!

I rutenettet under har vi gøymt namna på 10 insekt. Namna står bortover og nedover. Klarer du å finne alle saman?

R	E	V	L	I	N	S	N	I	P
G	R	E	S	S	H	O	P	P	E
M	K	P	L	A	U	M	R	L	T
A	E	S	O	T	M	M	A	U	R
R	F	Å	P	R	L	E	T	S	O
I	J	U	P	I	E	R	E	S	V
H	O	M	E	G	S	F	L	U	E
Ø	M	U	M	I	L	U	S	L	L
N	P	I	L	I	O	G	V	P	Ø
E	K	A	K	E	R	L	A	K	K

## Fargelegg!

Teikning: Claudia Chiaravalotti

Men Jesus sto opp frå dei døde, og viste seg for Tomas og dei andre læresveinane!



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement

på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



## VITSAR

– Mamma, eg har funne ein falsk hundrelapp!  
 – Korleis veit du at han er falsk?  
 – Det er tre nullar i staden for to.

– Mamma, hugsar du den dyre vasen du var så redd for at skulle bli øydelagt?  
 – Ja?  
 – Eh, no treng du ikkje å vere redd for han lenger ...

# Fellesrådsleiar Nils Gjerland: Forvaltaransvaret

Det er rett over påske og i Haukedalen ligg det enno snø på bøane. For dei som ikkje er lei vinteren er det fullt mogleg med ein skitur.

Tekst: Jenny Ø. Snildal

I eit hus eit stykke ovanfor kyrkja finn vi den første fellesrådsleiareren for Sunnfjord kyrkjelege fellesråd, Nils Asbjørn Gjerland. Frå heimen sin har han god utsikt til kyrkja.

– Eg er eit åndeleg menneske, seier Nils.

– Her kan eg sitje å sjå på kyrkja og fundere på livets store gåte.

Dei fleste kjenner nok Nils Gjerland frå ein lang karriere i partipolitisk samanheng. Han har i ei årrekke vore medlem i Senterpartiet og sete i kommunestyret. I åtte av dei åra var han ordførar i Førde. Han var medlem i Fylkestinget frå 2003 – 2015, der han og ein periode var leiar i Kulturutvalet.

– Eg er enno medlem av senterpartiet og slenger innom eit medlemsmøte av og til, men no reknar eg meg meir som kårman i den samanhengen. Men meiningar om forskjellig har eg enno, seier Nils lunt.

I tillegg til å vere politikar var Nils bonde, men no er garden

overtaken av neste generasjon. Såleis låg alt til rette for ei avslappa tid som pensjonist, men Nils har engasjert seg på nytt, denne gongen på eit litt anna felt. I fjor vart han utfordra til å stille på lista til soknerådsvalet i Holsen og Haukedalen sokn. Han fekk fast plass i soknerådet, vart valt til medlem i Sunnfjord kyrkjelege fellesråd og her vart han valt til leiar.

– Å engasjere seg i kyrkjeleg arbeid var ikkje heilt framand, seier Nils.

– Far min var kyrkjetenar og eg var tidleg med i kyrkja og ringte inn til høgtid. Eg har og ringt inn til ei og anna gudsteneste. Og som ordførar var eg med i samanhengar der eg møtte både prost og biskop og eg fekk såleis eit innblikk i kva kyrkja står for. Eg er oppteken av den kristne kulturarven og å forsvare historia. Og den gongen eg skulle gifte meg var det sjølvsagt med kyrkjebryllaup og vi har døypt alle dei tre borna våre.

I samband med at fire kommunar har blitt til ein, har dette og betydning for kyrkja. Sunnfjord kyrkjelege fellesråd er samansett av alle dei seks sokneråda i den nye kommunen, og Nils er leiar.

– Arbeidet i fellesrådet er mykje likt politisk arbeid og til dels bondeyrket, seier Nils.

– Alt handlar om forvaltaransvar. Og det er eg oppteken



Nils Asbjørn Gjerland er den første fellesrådsleiareren for Sunnfjord kyrkjelege fellesråd. Den tidlegare Senterparti-politikaren er ikkje framand for kyrkjeleg arbeid. Foto privat.

av, å ta vare på tradisjonar og verdier. Eg vil vere med å kjempe for kyrkja sin rett og plass i samfunnet.

Den ferske fellesrådsleiareren slepp heller ikkje unna verkna den av Coronaviruset. Arbeidet i det nye fellesrådet var berre så vidt kome i gong, og så er kvar dagen endra.

– Ja, no må vi til å tenkje nytt, seier Nils.

Det vert alternative løysingar

med gudstenester og fellesrådsmøter på internett.

På spørsmål om det har blitt tid til andre interesser enn politikk, svarar Nils at familien med tre born, som no alle er vaksne, garden og politikken vart ein livsstil der det var lite tid til andre ting.

– Det handla meir om å få tida til å strekke til, men det har vore ei interessant livsreise, avsluttar Nils.

**Astrid Blomster**  
Elvetorget, Førde  
Tlf. 57 82 17 05  
astrid.blomster@interflora.no

ALT I ● SPORTSKLEDE  
● SPORTSUTSTYR  
● BARNEUTSTYR  
**Erdal Sport**  
**INTERSPORT**  
Førde

**Hus og kjøkken**  
– din leverandør i Sogn og Fjordane  
**Gravdalgruppa**  
Tlf. 57 72 17 00 – www.gravdal.no

**FARGERIKE**  
NOREGS LEIANDE FARGE- OG INTERIØRKJEDJE  
**Førde Fargehandel %s**  
Tlf. 57 82 99 50  
DIN LEVERANDØR AV MÅLARVARER



# Gudstenester sommaren 2020

På grunn av koronasituasjonen har alle gudstenester vore avlyste. Dåp og gravferd blir gjennomført med den næraste familien til stades.

Når Helg og Heim går i trykken, veit vi ikkje når vi vil ta til med opne gudstenester att. Her er liste over dei opprinneleg planlagte gudstenestene. Sjølv om det blir opna opp, kan det bli endringar

i planen. Følg med i Firda og på nettsida [www.sunnfjordkyrkja.no](http://www.sunnfjordkyrkja.no)!

På nettsida [www.sunnfjordkyrkja.no](http://www.sunnfjordkyrkja.no) blir det lagt ut søndagstankar til kvar søndag, og på Bjørgvin bispedømme sine nettsider, <https://kirken.no/bjorgvin>, er det kvar dag overføring av «Dagens bøn» kl. 12.00. Velkommen til fellesskap på nett!

## - GUDSSTENESTELISTE

### PINSEDAG 31.05.2020

Haukedalen kyrkje

kl. 11:00 Høgtidsgudsteneste

Naustdal kyrkje kl. 11:00 Dåpsgudsteneste

Førde kyrkje kl. 11:00 Dåpsgudsteneste

Holsen kl. 19:00 Høgtidsgudsteneste

### 2. PINSEDAG 01.06.2020

Vevring kyrkje kl. 11:00 Høgtidsgudsteneste

### SØNDAG 07.06.2020

Naustdal kl. 11:00 Friluftsgudsteneste?

Haukedalen kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste

Førde sentrum kl. 12:00 Bygudsteneste ved Rådhuset?

### SØNDAG 14.06.2020

Førde kyrkje kl. 11:00 Dåpsgudsteneste

Holsen kyrkje kl. 15:00 Gudsteneste

### SØNDAG 21.06.2020

Førde kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste

Naustdal kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste

### JONSOK 24.06.2020

Haukedalen kyrkje

kl. 19:00 Jonsokgudsteneste

### SØNDAG 28.06.2020

Førde kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste

Vevring kyrkje kl. 19:00 Gudsteneste

### SØNDAG 05.07.2020

Førde kl. 11:00 Gudsteneste

Naustdal kyrkje kl. 19:00 Gudsteneste

### SØNDAG 12.07.2020

Førde kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste

Holsen kyrkje kl. 19:00 Gudsteneste

### SØNDAG 19.07.2020

Naustdal kyrkje

kl. 11:00 Fellesgudsteneste

for Førde og Naustdal

### SØNDAG 26.07.2020 OLSOK

Sunnfjord Museum, Movika

kl. 11:00 Olsokgudsteneste

### SØNDAG 02.08.2020

Naustdal kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste

Haukedalen kl. 12:00 Stølsmesse

Vevring kyrkje kl. 15:00 Gudsteneste

Førde kyrkje kl. 19:00 Gudsteneste

### SØNDAG 09.08.2020

Førde kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste

Holsen kl. 12:00 Stølsmesse

### SØNDAG 16.08.2020

Førde kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste

Naustdal kyrkje kl. 19:00 Gudsteneste

### SØNDAG 23.08.2020

Haukedalen kyrkje

kl. 11:00 Gudsteneste

Førde kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste

Førde kyrkje kl. 13:00 Dåpsgudsteneste

### SØNDAG 30.08.2020

Vevring kyrkje

kl. 11:00 Friluftsgudsteneste

– felles for heile soknet

Førde kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste

### SØNDAG 06.09.2020

Holsen kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste

Konfirmantpresentasjon

### SØNDAG 20.09.2020

Førde kyrkje kl. 17:30 Familiegudsteneste

Søndag for alle. Førsteklasses



Sidan sist:

## DØYPTTE

### FØRDE KYRKJE

09.02 Una Holvik Nylund

16.02 Victoria Solheim Høyvik

Lukas Johan Hjelset Holsen

01.03 Noel Skaar Oldeide

Emma Sunnarvik Lundekvam

08.03 Emmi Sofia Siqueland

15.03 Lukas Hellebust Fjellkårstad

19.04 Nikolai Sigdestad Ljotebø

Håkon Huus Sevaldrud

Sanna Sortland Stølen

### HAUKEDALEN KYRKJE

12.01 Emma Sofie Hetle Gjerland

(retting frå forrige nummer)

### NAUSTDAL KYRKJE:

01.03 Inger Smådal-Gjertsen

12.04 Eira Hallem Liene

26.04 Ariel Vonon Klopstad

## VIGDE

### VIGDE I FØRDE KYRKJE

04.04 Sigrun Hoff og Karsten Hoff

## GRAVFERD

### FØRDE KYRKJE

31.01 Asbjørn Ingvald Nordstrand f. 1930

21.02 Magne Steinar Ulvatn f. 1956

06.03 Svein Aasen f. 1947

Magne Rosenlid f. 1940

10.03 Knut Fonn f. 1928

12.03 Harald Kristoffer Engebø f. 1938

17.03 Astrid Molnes f. 1935

24.03 Reidun Gretha Kvammen f. 1956

Rakel Astrid Aasen f. 1921

27.03 Johan Betten f. 1936

02.04 Solveig Råheim f. 1939

07.04 Georg Bruland f. 1952

16.04 Kåre Magnus Espeseth f. 1933

### NAUSTDAL KYRKJE

14.02 Børge Henrik Einevoll f. 1966

18.02 Einar Oddleiv Sæterlid f. 1949


20.02 Alvhild Kristine Fimland f. 1924

21.02 Odd Sverre Liseth f. 1941

13.03 Norunn Skaflestad f. 1923

20.03 Gunnar Kibsgaard f. 1950

23.04 Jon Kalland f. 1937



## Returadresse

Førde kyrkjekontor  
Kyrkjevegen 23F  
6809 FØRDE

# Opa kyrkje på Kinn i sommar



*Etter å ha vore stengt for oppussing sommaren 2019 er mellomalderkyrkja igjen open i sommar.*

Den vakre mellomalderkyrkja på Kinn er nyrenovert og klar til å ta imot besøkande; med nokre koronatiltak.

Kinn sokneråd, NMS Sunnfjord krins og Pilegrimsfellesskapet Sankta Sunniva inviterer deg til Kinnakyrkja sommaren 2020.

Tidsrommet i år vert frå 22. juni til 9. august. Det blir enkel tidebøn to gonger om dagen, klokka 13 og 19. Det vil bli gjort tilpasningar som følge av Covid-19 slik at alle skal kjenne seg trygge.

Ein jobbar no for å få nok vertskap til å ta imot besøkande heile perioden. Dei som kjem til kyrkja blir tatt godt imot. Verstskapet kan tilby kaffe, men elles må du ta med deg alt du treng. Det er ikkje butikk eller servering på øya.

Dette vert femte året vi har opa kyrkje, men sommaren 2019 var kyrkja stengt grunna oppussing.

Å ha opa kyrkje med tidebøner er ikkje minst viktig i tider som dei vi har no.

NYTT i 2020 er turistbåten kl. 11.35 frå Florø (mandag-tysdag-torsdag-fredag og laurdag!) For fleire ruter, kontakt turistinformasjonen i Florø,

eller [www.kringom.no](http://www.kringom.no). Ein må ringe til båten før kl. 14.30 for å melde frå at ein skal til Kinn. Telefonnummer er oppslått i venteskuret på kaia.

Det blir ikkje guida turar til Kinn denne sommaren.



## Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien? Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige. Vi leiger også ut til ulike organisasjonar, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon **40 84 54 36**.

E-post: [kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com](mailto:kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com)